



Johannes Seim  
Vatne 17  
5912 Seim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8015 - 22/84229

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
04.11.2022

## Melding om utført endring av bygningstype i matrikkelen - gbnr 170/7 Vatne

Viser til innsendt krav om endring av bygningstype dat 03.11.22. og bekrefting av endring til bygningstypen einebustad i staden for våningshus innkome i dag.

Kommunen har **utført endring av bustadhus med adressea Vatne 14 frå bygningstype 163 våningshus brukt som fritidshus til bygningstype 111 einebustad.**

Det er vanlegvis kurrant å endra bygningstype tilbake til noko som mellombels har vore anna bruk. Eldre bygg som er bygd som heilårsbustader, men som i lengre tid ikkje har vore nytta som det, må likevel vurderast tilstanden til før endring tilbake til heilårsbustader. Det kan vere aktuelt å måtte søkja bruksendring etter plan og bygninglova før slik endring kan utførast.

Aktuelt bustadhus var bygd som heilårsbustad og har mellombels vore brukt som fritidsbustad, truleg frå 1989 til du kjøpte det som bustadhus i 2015. Det er oppgitt som bustadhus i skøytet ditt frå 2015 og det har nok kanskje ikkje vore opplyst at bygningstypen var endra i offentlege register. Brukseiningstype var her også endra til Fritidsbustad.

I kommunen sitt arkiv finn me at det i 1978 vart montert 4 m<sup>3</sup> slamavskiljar ( min. krav for heilårsbustader) og at det vart lagt vassleidning i 1983. Me legg til grunn at desse oppfyller krava til einebustad i dag.

Du har med bilete dokumentert at huset er i god stand og har vore oppgradert med nytt elektrisk anlegg, nye vassrøyr, ein del nye vindauga, nye golv med varmekablar og er delvis etterisolert. Innsendt dokumentasjon vert vurdert som god nok til å endra bygningstypen tilbake til heilårsbustad / einebustad i matrikkelen.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR ( renovasjon ) får også melding om utført endring.

Bebuarar i huset må ta kontakt med BKK (straumleverandør) for å gje melding om endringa som er utført i matikkelen- for straumstøtte.

Vedlagt ligg matikkelrapportar som viser kva som var/er registrert om bygget før og etter endringa.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

170-7-våningshus før retting  
170-7-einebustad etter retting

**Kopi til:**

NGIR forvaltning

**Mottakarar:**

Johannes Seim

Vatne 17

5912 Seim